



Notat

Dato: 28.01.2019
Arkivsak: 2018/16170-2
Saksbehandlar: karoen_

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Meldingssak om eventuell etablering av vikarpool i Hordaland fylkeskommune

I administrasjonsutvalet den 06.09.2018, under samlesak RS 10/18 og R 11/18 sette representanten Roald Kvamme (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Administrasjonsutvalet ber om ei sak om å etablere ein eigen «vikar pool» i Hordaland fylkeskommune».

Ei ordning med vikarpool har vore prøvd ut i fleire kommunar, særleg innan helsesektoren som tiltak for å få ned talet på uønska deltid. Erfaringane er delte; vikarpool kan gje tilsette større stillingsprosent ein periode, men det løyser ikkje heilt problemet med uønska deltid.

Ein vikarpool er gjerne definert som ei intern bemanningseining der arbeidstakar er tilsett på heiltid eller deltid i denne bemanningsbasen. Tilsette kan anten ha heile stillinga si i vikarpoolen eller dei kan ha deler av stillinga si der, samtidig som dei har ei fast delstilling annan stad i organisasjonen. Dei som er knytt til vikarpoolen går då inn på ulike avdelingar/einingar i periodar der det er behov for vikarteneste.

Effektane av ei slik ordning kan vere at ein kan få redusert uønska deltid til ein viss grad, einingane kan oppnå betre kontinuitet i arbeidet, det kan frigjere tid for leiarar fordi man bruker mindre tid til å rekruttere vikarar osv.

Forsking har vist at det kan vere meir belastande å jobbe i ein vikarpool enn å vere i fast stilling for det inneber større usikkerhet og utsigghet i tillegg til at ein stadig vekk må inn i nye arbeidsmiljø. Dei som er knytt til vikarpool går difor over i faste stillingar så snart dei får høve til det.

Ein vikarpool må driftast og dette vil krevje administrative ressursar. Volumet på dette er avhengig av kva ambisjonar ein har for ein vikarpool. Ein må ta stilling til kva grupper som skal inngå i ein vikarpool, korleis den skal organiserast, om ein skal ha fast tilsette vikarar som ambulerer osv.

Hordaland fylkeskommune er i ein samanslåingsprosess med Sogn og Fjordane frå 1.1.2020. Det vil vere naturleg at spørsmålet om etablering av ein vikarpool vert utgreia nærmare i den samanheng, anten i førekant av samanslåinga eller at dette vert teke opp som tema seinare etter samanslåinga. Ei ordning med vikarpool må gjerne og prøvast ut som eit prøveprosjekt for ein nærmare definert periode.

Fylkesrådmannen rår difor til at sak om etablering av vikarpool i Hordaland fylkeskommune vert sett i samanheng med samanslåinga av dei to fylkeskommunane og at det vert sett ned ei arbeidsgruppa med representantar frå dei to fylkeskommunane til å utgrei saka. Alternativt at utgreiinga vert lagt til ei av arbeidsgruppene (DPO) som p.t. er i funksjon kring ulike problemstillingar innan HR/personal-området i den nye fylkeskommunen.